

## Saksprotokoll i Utval for miljø og samferdsel - 05.09.2019

Representanten **Marthe Hammer** (SV) har stilt slik spørsmål.

Det bør vere eit mål for havfylket Hordaland at ein større del av transporten går til sjøs. Då er det eit stort steg i feil retning om Beffen legg ned heilårsdrift. Beffen er ein institusjon i bybiletet og ein tradisjon hamnebyen Bergen ikkje har råd til å miste. Beffen utgjer er ei viktig forlenging av bussane og på sikt Bybanen på Bryggen og knyter Nordnes til kollektivnettet.

Bergen kommune har vore i kontakt med reiarlaga bak Beffen-båtane for å undersøkje korleis kommunen kan bidra til å sikre vidare drift. Kommunen meiner det er fylket som må stå bak vidare initiativ. I komité for finans, kultur og næring 28.08.19 svarte Byråden følgjande på spørsmål om heilårsdrift av Beffen: «Byråden meiner det kunne ha vore interessant å få utgreidd kva muligheiter som finst for å eventuelt implementere ei tradisjonell rute som dette inn i det ordinære ruteopplegget til fylkeskommunen.» «Saka har prioritet, men løysingane er det i fyrste rekke båteigarane og samferdslemyndigheitene som rår over».

- Har fylkeskommunen vore i kontakt med Beffen AS for å undersøkje korleis ein kan sikre vidare heilårsdrift av Beffen?
- Kva vert dei økonomiske konsekvensane av å leggje Beffen inn i skyss-systemet?

Fylkesrådmannen gav slikt svar:

1. Skyss har ikkje hatt dialog med Beffen AS. Etter det Skyss kjenner til er dette ei rein kommersiell rute.
2. Dersom «Beffen» skulle ha blitt lagt inn i Skyss sine system, ville det medføre ei konkurranseutsetjing av ruta. Det vil då vere fleire operatørar med ulike fartøy som nødvendigvis vil konkurrere om å drifte ruta etter nærare fastsette krav og tildelingskriterium. Når det gjeld å berekne økonomisk konsekvens av dette, må Skyss eventuelt kome attende dersom det framleis er relevant.